



DET KONGELEGE
MODERNISERINGSDEPARTEMENT

St.prp. nr. 52

(2004–2005)

Pensjonar frå statskassa

*Tilråding frå Moderniseringsdepartementet av 15. april 2005,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Innledning

I samsvar med § 75 bokstav i) i Grunnlova, legg departementet med dette fram for Stortinget ei liste over dei pensjonane som gjeld mellombels, og som ikkje blei reviderte av det førre Stortinget.

Heile summen av pensjonar som blei utbetalt i 2004, var på kr. 15.167.000,-. Det er løyvd kr 16.800.000,- på kap. 1541, post 01, Pensjonar frå statskassa, på statsbudsjettet for 2005.

For enkjer/enkjemenn gjeld pensjonen så lenge dei er ugifte.

Departementet vil nemne ei sak særskilt:

2 Pensjonsrettar i Statens Pensjonskasse i karanteneperiode

Moderniseringsdepartementet har utarbeidd «retningslinjer for karantene og saksforbud for embets- og tjenestemenn ved overgang til ny stilling», med verknad frå 15. februar 2005. Utgangspunkt for retningslinjene var at Stortinget ved to høve har bedt regjeringa om å klargjere problemstillingar som oppstår ved uklåre grensedragningar i samband med overgang frå ei statleg stilling til ei stilling utanfor statsforvaltninga.

Med utgangspunkt i desse retningslinjene kan ein påleggje karantene i særlege høve ved overgang

til stillingar utanfor statsforvaltninga inntil 6 månader. Dette inneber at ein arbeidstakar må vente med å tiltre si nye stilling, og at vedkommande ikkje kan ha kontakt med sin nye arbeidsgjevar.

I karanteneperioden skal arbeidstakaren ha ei godtgjering som svarar til lønna vedkommande hadde då han slutta. I tillegg kjem feriepengar. Pensjonen må i tillegg sikrast for karanteneperioden. Arbeidsforholdet er slutt, og det er difor ikkje heimel i lov om Statens Pensjonskasse til å gje arbeidstakaren pensjonsrettar i perioden. Moderniseringsdepartementet tilrår difor at ein arbeidstakar kan få pensjon frå statskassa for karantenetida, i fall det trengst.

Departementet tek sikte på å endre lov om Statens Pensjonskasse slik at ein for framtida vil kunne godskrive karantenetida med heimel i lov. Då skal tidlegare arbeidsgjevar dekkje pensjonskostnadene i karantenetida tilsvarende vanleg medlemskap i Statens Pensjonskasse.

Moderniseringsdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om pensjonar frå statskassa.

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om pensjonar frå statskassa i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag til vedtak om pensjonar frå statskassa

I

Departementet tilrår at statlege arbeidstakarar kan få pensjon frå statskassa for karantenetid, i fall det trengst, fram til ein får endra lov om Statens Pensjonskasse.

II

Opplysningar om søkjaren					Pensjon		
Nr.	Namn	Alder ved avskjeden (for enkjer og enkjemenn (noverande alder)	Pensjons- ansiennitet	Vedteke	Brutto	Gitt frå	Merknad
<i>Forsvarsdepartementet</i>							
1	Eilertsen, Arvid Hilberg	68	4	04.02.05	2.463,-	01.12.04	
<i>Utanriksdepartementet</i>							
2	Zvereva, Ljudmila	67	-	21.01.03	4.014,-	01.01.03	
3	Nicolic, Slavko	60	-	21.01.03	845,-	01.01.02	Enkjemannpensjon
4	Sobral, Laura da Conceicao	81	-	08.07.03	3.136,-	01.02.03	Enkjepensjon
5	Bang-Orn, Suttibon	55	-	03.03.04	1.670,-	01.04.04	
6	Dent, Christine	72	-	10.05.04	915,-	01.01.04	
7	Dijkers Larsen, Godelieve	66	-	08.06.04	7.628,-	01.01.05	
<i>Andre</i>							
8	Ulstrup, Åshild	70	6	24.03.04	3.566,-	01.05.04	